

Osterøy kommune  
RÅDHUSET  
5282 LONEVÅG

Dato: 22.06.2018  
Vår ref.: 2015/3451-21  
Saksbehandlar: inggase  
Dykkar ref.:

Att. Fylkesmannen i Hordaland


## Klage på vedtak - Dispensasjon for planering av naustområde og etablering av kai på Hoshovde, gnr 87 bnr 1, Hosanger Osterøy kommune

Hordaland fylkeskommune viser til brev frå Osterøy kommune datert 01.06.2018 med vedtak til løyve om dispensasjon for planering av naustområde, bygging av kaifront og oppføring av naust på Hoshovde, gnr. 87 bnr. 1 Hosanger, Osterøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormyndre innan kulturminnevern.

**Hordaland fylkeskommune klager på Osterøy kommune sitt vedtak datert 24.05.2018, då vedtaket er i strid med nasjonale og regionale kulturminneinteresser.**

### Kva saka gjeld

Osterøy kommune mottok 26.01.2018 søknad om dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3 i gjeldande reguleringsplan og løyve til tiltak for planering av naustområde for 5 naust og etablering av kaifront på gnr. 87, bnr.1, Hoshovde i Hosanger. Refnes rådgiving er ansvarleg søkjar og tiltakshavar/eigar er Aksjeselskapet Hoshovde.



Teikningar av naust som er søkt oppført.

Søknaden vart sendt Hordaland fylkeskommune til vurdering i brev datert 01.02.2018. I brev datert 23.02.2018 rådde Hordaland fylkeskommune ifrå tiltaket og vurderte det slik at ulempene ved å gje dispensasjon var klart større enn fordelane, då tiltaket vil få negative konsekvensar for regionale og nasjonale kulturminneverdiar.

### Gjeldande reguleringsplan for Hosanger sentrum vedtatt i 2001

Eit av føremåla med reguleringsplanen er «Å sikre verneverdige bygg og anlegg i Hosanger sentrum». Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Hosanger sentrum er definert som byggeområde - naustområde/kontor. Sjøarealet er definert som offentlege trafikkområde - hamneområde i sjø. Før handsaming av byggeløyve er det krav om å utarbeide detaljert plan for felt med blanda føremål, jf. reguleringsføresegn § 2.3.




Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan

## Kommunedelplan for sjø og strandsona i Osterøy kommune vedtatt 21.02.2018

### Byggegrense mot sjø

Kommunedelplan for sjø og strandsona i Osterøy kommune vart nyleg vedtatt 21.02.2018. I føresegne 1.13 er det fastsette reglar for byggegrense mot sjø. Byggegrense mot sjø i kommunedelplanen skal gjelda framfor 100 meter byggegrense til sjø. Fastsette byggegrense skal gjelde framfor vedtekne eldre regulerings- og kommunedelplanar. Byggegrense mot sjø går langs dagens veg. Dette er vist på kart nedanfor med ein blå stipla linje.



### Omsynssone kulturmiljø (H570\_76 og H570\_75)

Tiltak ligg mellom avgrensing av to omsynsoner for kulturmiljø H570\_75 Mjøsvågen og H570\_76 Føresegn punkt 7.6 – «Ved tiltak i denne sona skal det takast særskild omsyn til eksisterande kulturmiljø. Tiltak skal vera tilpassa eksisterande bygningsmiljø i utforming og materiale. Alle tiltak i omsynssona skal avklarast med Hordaland fylkeskommune.»

### Kommunen sin vurdering

I vurderinga av fordelar og ulemper har rådmannen lagt særleg vekt på at omsøkt tiltak er i strid med byggeforbodet langs sjø i den nye kommunedelplanen for sjø og strandsona og at regional styresmakt har uttalt seg negativ til dispensasjonssøknaden.

Etter ei samla og konkret vurdering finn rådmannen at vilkåra for å gje dispensasjon frå reguleringsføresegn 2, punkt 2,3 ikkje er oppfylt, jf. plan. Og bygningslova §19-2.

Saka vart handsama av plan- og kommunalteknisk utval i møte 24.05.2018 saksnr 051/18 i Osterøy kommune med fylgjande vedtak:

*"Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3 for planering av naustområde, bygging av kaifront og oppføring av 5 naust på gnr. 87, bnr. 1, Hoshovde, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 11, jf. § 19-2.*



Tiltaket som det no vert søkt om, vil grunna si utforming og omfang påverke landskapet og det høgt verneverdige kulturmiljøet med kyrkja og prestegarden på ein svært negativ måte. For å unngå konflikt med kulturminneinteressene, må det utarbeidast ein detaljert plan for byggeområde, med fokus på at nausta skal ta omsyn til eksisterande bygningsmiljø i utforming og materiale jf. § 2.3 i gjeldande reguleringsplan.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune klagar med dette på vedtak datert 24.05.2018, då det kan få store negative konsekvensar for nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Vi ber om at det vert stilt krav om detaljert plan for byggeområdet, jf. gjeldande reguleringsføresegn § 2.3. Dersom Osterøy kommune vel å ikkje ta klagen til følge, må ho sendast over til Fylkesmannen i Hordaland for vidare handsaming.

Ingrid Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Sakshandsamarar: David Aasen Sandved, Elizabeth Warren, Inger Lena Gåsemyr, Gunnbjørg Austrheim

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
FYLKESMANNEN I HORDALAND  
Den norske kyrkja, Bjørgvin Bispedømmeråd